

Valdres Natur- og Kulturpark

Valdres Næringshage, Skrautvålsvegen 77
2900 Fagernes



PROTOKOLL

Protokollen avklarer oversikt over framdrift av leveranse, ved at vi syner til «Avtale om anleggsbidrag ved bygging av breiband i Valdres», signert 2.mars 2015 / 17.april 2015.

Denne protokollen er nr. 2. i det aktuelle kontraktsforhold.

Valdres Natur- og Kulturpark fekk 22.desember 2016 tilsendt, SLUTTRAPPORT datert 21.12.16 frå Eidsiva Breiband. Med rapporten følgde følgebrev og adresseliste med oversikt over alle adresser som har tinga levering av breiband (132 stk.) og adresser som det er bygd linje fram til og som kan få levering i framtida (81 stk.). Sluttrapporten inneheld summarisk prosjektrekneskap. Revisor sin uttale til prosjektrekneskap er motteken her 22 .februar 2017.

Framdrift:

Sluttrapporten syner at alle delprosjekta er ferdigstilte utanom delprosjektet «FTH Hedalen sør». Her blir 62 kundar kopla opp i januar/februar 2017.

- Eidsiva bredbånd vil, saman med utbygger av FTH Hedalen Sør, sikre raskast mogleg oppkopling av resterande kundar (som har tinga fibertilknytning), i perioden fram til februar 2017.
- Eidsiva bredbånd vil gjennomføre sine ordinære kvalitetsikringsaktivitetar i etterkant av prosjektet. Det vil bli gjennomført ferdigbefaringar/sluttbefaringar av alle bygde anlegg, som ledd i standard kvalitetskontroll. Dette vil bli gjennomført våren 2017, når telen har gått ut av bakken.
- Eidsiva bredbånd vil sikre at alle utbygde anlegg er dokumentert i samsvar med standard krav.

Eidsiva Breiband sender rapport/dokumentasjon til IKT Valdres og Valdres Natur- og Kulturpark så snart alle restarbeid, testing og dokumentasjon er utført våren 2017.

Oppsummert er det i heile dette utbyggingsprosjektet bygd fiber fram til tomtegrense til 213 adresser, og det er levert fiberbreiband til 132 av desse adressene. Prosent bestillingar av totalt tall moglege adresser er dermed 62%. Dei resterande adresser vil ha høve til å bestille sin fibertilknytning på eit seinare tidspunkt. Det er lik etableringspris for alle 213 adresser.

Økonomi:

Sluttrapporten syner summarisk enkel oppstilling av prosjektkostnadar med kr. 10.722.737,-. Rekneskapet har følge av revisor sin gjennomgang av prosjektet.

Note i rekneskapet peiker på at ikkje alle kostnadar knytt til «FTH Hedalen sør» er kome med så langt.

Prosjektrekneskapet syner elles eit meirforbruk i høve til anbodet med kr. 2.834.837,- , eller 35,9% høgare enn anbodssum.

Utbetaling av anleggsbidrag:

Sluttrapport med revidert prosjektrekneskap, opnar for å restutbetale anleggsbidrag med kr. 2.767.100,-. Så snart protokollen er motteke i retur i signert stand, vil Valdres Natur- og Kulturpark betale faktura nr. 02157676, datert 16.01.2017, motteke 16.januar 2017, pålydande kr. 2.767.100,-.

Fagernes 28. februar 2017

For IKT Valdres


Anders Haugen

For Valdres Natur- og Kulturpark


Jørund Ødegård Lunde

For Eidsiva Breiband

